

Referat frå styremøte i langrennsgruppa 26.03.08

Tilstades: Karin E. Bjåland (sak 14/08), Ole Knut Søndreli, Ole Ivar Rese, Birgit Kristin Rust, Sølvi Listøen, Ivar Bjørkedokken, Annbjørg Jegleim.

Forfall: Håvard Bjørkedokken

Sak 14/08: Rutiner omkring dekking av utgifter ved renndeltaking

Karin gikk gjennom tidlegare vedteke retningslinjer for dekking av ulike typer utgifter. Slik som smøring, overnatting og reise. Styret diskuterte kva gruppa skal dekke, spesielt rundt smørning. Det var enighet om å følge retningslinjene som vart vedteke i sak 26/06. Me ynskjer å ha ei bok/perm der slike retningslinjer står i, slik at det er lettare for nye styremedlemmer å finne fram. Vedtektene bør og leggest ut på heimesida vår.

VEDTAK:

- Gruppa har smørekoffert som alle løparar kan benytte seg av på renn.
- Gliding av ski skal kvar enkelt løper ordne og koste sjøl.
- Gruppa dekker topping av ski på Norges cup renn, NM, og Hovedlandsrenn.
- All anna smøring/gliding/topping til andre renn må kvar enkelt løper betale sjøl. Det skal ikkje fakturerast gruppa.
- Reiserekning skal førast på eige skjema.
- Sjå elles retningslinjer og styremøte vedtak 26/06

Sak 15/08: Sesongavslutning.

Vi vil i år og ha ei egen avslutning for dei aktive løparane. Vi prøver å få det til i slutten av april.

Stad: Hoftun camping.

Vi må ta ein eigenandel på 50 kroner.

Invitasjon blir sendt ut.

Bikkin og Annbjørg tar ansvar for dette.

Sak 16/08: Bom på Solseter

Vi lagg saken på is inntil vidare.

Sak 17/08: Kva må gjerast på Solseter fram til neste sesong.

Det er mykje arbeid som skal og bør gjerast på Solseter. Me ynskjer å kome i gang med arbeidet så fort som råd, helst før sommaren. Slik at vi er sikre på at arbeidet er i gang før hausten og frosten kjem på oss.

Vi ynskjer å få utført følgande:

Skiskytterskiver.

Vi ønsker å få satt opp skiskytterskivene i sommar. Vi har tillatelse til å sette i gang. Høyre med Truls kva som må gjerast og kor mykje det vil koste oss.

Ivar tek kontakt med Truls for samarbeid om eventuelt bruk av gravemaskin, hogstmaskin eller anna. Vi må sjå arbeidet med å få opp skiskytterskivene i samanheng med utbetring av parkeringsplassen.

Truls tar ansvar for skiskytterdelen, og Ivar tar ansvar for parkeringsplassen.

Det må søkast om tippemidlar.

Sølvi vil sjekke ut om det er nokon fond me kan søke på.

Løypenettet.

Sjekke ut med Ola og Herbjørn korleis det står til med løypene våre. Trengs det noko dugnad. Hogging av skog? Klopper som må utbetrast?

Grillbu.

Arbeid som står at på denne er å legge papp på taket og den må beisast.

Bikkin tek ansvar for dette.

Info tavle.

Denne skal flyttast. Ivar tek ansvar for den.

Fjerning av gult hus.

Bikkin sjekkar på nytt om me snart kan rive huset.

Sak 18/08: Rennsøknad for sesongen 2008/09

Vi tar sikte på å arrangere to renn også neste år.
Golrennet i desember. Gjerne 2.helg i desember.
Golsfjellet rundt, i februar.

Sak 19/08: Kurs, "Idrett og ledelse"

Det skal arrangerast eit kurs i idrettsalget no i april. Kurset går over 20 timar og er på klubbhuset.

Ole Knut stiller som representant for styret. Prøve å få med ein person til.

Sak 20/08: Trenarsituasjonen

Det vil bli halde eit evalueringsmøte for trenarane i mai.
Juniorgruppa må ha evaluert sitt "arbeid" før dette møtet, med tanke på neste sesong.
Trenarar for neste sesong vil og bli tatt opp på dette møtet.

Referat: Annbjørg